

Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/451-2

Høyringsuttale til rapporten «Kunnskapssektoren sett utenfra»

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga.

Vedlegg:

Rapporten - «Kunnskapssektoren sett utenfra»

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kunnskapsdepartementet sette i april 2015 ned ei ekspertgruppe for å vurdere arbeidsdelinga og organiseringa av dei sentraladministrative oppgåvene til departementet og underliggende verksemder. Grappa skulle i tillegg vurdere organiseringa av dei sentraladministrative oppgåvene utanfor departementet. På bakgrunn av dette arbeidet gir grappa tilrådingar om framtidig organisering av heile kunnskapssektoren frå barnehage til og med høgare utdanning.

Grappa leverte rapporten sin til kunnskapsdepartementet 6. januar. Høyringsfrist er sett til 11. april 2016. [Rapporten ligg vedlagt saka.](#)

Rapporten «Kunnskapssektoren sett utenfra» avdekker at sektoren har eit stort, fragmentert og uoversiktleg apparat som er vanskeleg og ressurskrevjande å styre. I tillegg er sektoren prega av at det ikkje er klare grenser mellom dei underliggende verksemdene sine oppgåver. Fylkesdirektøren kjem her med utkast til uttale til ekspertgruppa sine tilrådingar til framtidig organisering.

2. Høyringsuttale

Sogn og Fjordane fylkeskommune deler rapporten si vurdering av at dagens organisering av dei sentraladministrative oppgåvene i kunnskapssektoren er utfordrande. Desse utfordringane er trekt fram som dei mest sentrale:

- *Kunnskapsdepartementet har for mange og for små underliggende virksomheter.*
- *Det er uklar ansvarsfordeling mellom enkelte underliggende virksomheter.*
- *Ansvarsfordelingen mellom departementet og underliggende virksomheter har enkelte utfordringer. På enkelte områder ligger det for mange forvaltningsoppgaver i departementet. Det finnes også områder med uklar ansvarsfordeling mellom departementet og underliggende virksomheter.*
- *Flere virksomheter har en organisasjonsform som ikke er tilpasset kjerneoppgavene.*
- *Det er for lite samarbeid og oppgaveløsning på tvers av virksomheter og sektor.*

Vi deler òg rapporten si framstilling av at sektoren er prega av eit stort, fragmentert og uoversiktleg styringsapparat med mange overlappende oppgåver. Dette gjer at sektoren i stor grad vert detaljstyrt og at den lokale handlingsfridommen og den lokale organiseringa blir svekka.

I mandatet til ekspertgruppa er det vist til Sundvolden-erklæringa der det står at regjeringa vil effektivisere offentlig sektor og gjennomgå strukturen i departementa og direktorata med sikte på å forenkle og avbyråkratisere.

I tilrådingane til gruppa er det lagt stor vekt på å samle ansvar og styring direkte under departement og direktorat. Det heiter m.a. på side 11:

«Vi foreslår endringer i oppgavene til Utdanningsdirektoratet. Flere statlige oppgaver for forvaltning, kvalitet og utvikling av skole og barnehage bør samles i direktoratet, mens enkelte oppgaver bør vurderes overført til andre aktører».

Det er vår vurdering at ekspertgruppa i alt for liten grad har vurdert høve til å styrke skuleeigarnivået framfor det statlige nivået. Det er grunn til uro med omsyn til om ei slik samling av oppgåver, for å forenkle styringa av sektoren, vil føre til auka byråkratisering. Vi er særleg uroa for at dette ytterlegare skal auke avstanden frå departement og direktorat til praksisfeltet.

I høyringsuttalen er det særskilt sett på rapporten sine tilrådingar innanfor grunnopplæringa (kapittel 5.5) og fylkeskommunen ønskjer å kome med følgjande uttalar til tilrådingane:

1. Fylkesmannen

I rapporten er det peika på at Utdanningsdirektoratet har for stor avstand til praksisfeltet. Dette vert og støtta av Difi si evaluering av direktoratet. Vi deler vurderinga av at det er stor avstand frå direktoratet til praksisfeltet. Dette er særleg problematisk når det blir utøvd auka grad av statleg detaljstyring. M.a. er «kompetanse for kvalitet» eit døme på dette.

For å møte denne utfordringa tilrår ekspertgruppa:

- *Det bør vurderes å styrke Fylkesmannens rolle i arbeidet med å veilede, gi råd og bidra til utvikling av skoler, barnehager og deres eiere. Det kan skje ved å delegerer oppgaver og ansvar fra Utdanningsdirektoratet.*

I kommunesektoren er det brei semje om at fylkesmannen si rolle bør vere avgrensa til klage-, kontroll-, og tilsynsoppgåver. Oppgåver knytt til utvikling og rettleiing bør forvaltast på kommunalt og fylkeskommunalt nivå. Det vil vere ei styrke for nærleiken til praksisfeltet om fylkeskommunen fekk tildelt dei oppgåvene som er peika på i rapporten. Dette vil vere i godt samsvar med opplæringslova § 13-3c

«§ 13-3c. Plikt for fylkeskommunen til å sørge for rettleiing og kvalitetsutviklingstiltak Fylkeskommunen skal etter oppdrag frå departementet rettleie om og medverke til kvalitetsutviklingstiltak som m.a. kan gi god samanheng mellom grunnskole og vidaregåande opplæring. Departementet kan gi nærmare forskrifter om desse oppgåvene».

2. Statsped

I rapporten er Statsped peika på som eitt av få områder ekspertgruppa tilråd flytta til eit lægre forvaltningsnivå.

- *Statsped er en tjenesteproducent med spesialpedagogikk som fagfelt. Direktoratet produserer ikke tjenester og har få oppgaver innen spesialpedagogikk. Det synes ikke som verken Statsped eller direktoratet er tjent med denne innretningen.*

Det er kommuner og fylkeskommuner som har plikt til å oppfylle retten til tilpasset opplæring. Den spesialpedagogiske støttetjenesten bør derfor på lengre sikt ikke være et statlig tjenestetilbud.

Statsped sine tjenester bør tilbys på lavest mulig forvaltningsnivå. Kunnskapsdepartementet bør vurdere om noen av oppgavene kan overføres til kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper.

Vi deler denne vurderinga og departementet bør vurdere å overføre oppgåvene til fylkeskommune/nye regionar.

3. Kompetansepolitikk og vaksenopplæring

Vi opplever styringa av vidaregåande opplæring for vaksne som uklår og fragmentert. Det er m.a. ei uklår oppgåvedeling mellom fleire departement og forholdet mellom Utdanningsdirektoratet og Vox er uryddig. Ein konsekvens av dette er at skuleeigar opplever styringa av feltet som unødvendig byråkratisk. I rapporten blir det tilrådd:

- *Det er kommuner og fylkeskommuner som har ansvaret for å tilby grunnskole og vidaregåande til vaksne etter gitte kriterier. De berørte departementene bør sette ned et utvalg for å vurdere fordelingen av oppgaver og ansvar mellom departementer og virksomheter innen kompetansepolitikken og vaksenopplæringen.*

Vi deler denne vurderinga. Det bør settast ned eit utval som vurderer fordelinga av oppgåver og ansvar. Dette utvalet bør særleg sjå på i kva grad oppgåver kan flyttast til skuleeigarnivået.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren for opplæring er samd i rapporten si framstilling av at sektoren er prega av detaljstyring i eit stort, fragmentert og uoversiktleg styringsapparat. For at utdanningspolitikken sitt tiltaksapparat skal ha eit tilstrekkeleg handlingsrom, er det avgjerande å ha ei styringsform som ikkje svekker den lokale handlingsfridomen. Vidare meiner fylkesdirektøren at tiltaksapparatet sin avstand til praksisfeltet ikkje må opplevast som stor.

Stor lokal handlingsfridom og nærleik til utøvande ledd er naudsynt for at eit fylke med desentralisert og spreidd skule- og næringsstruktur, skal nå måla i utdanningspolitikken.